



Miljøverndepartementet  
P.B. 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
200708414-43/015.T14/AAUN

Bergen, 24. august 2009

## **Forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - fråsegn**

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune vil gje slik fråsegn i saka:

Hordaland fylkeskommune sitt kultur- og ressursutval merker seg at Regjeringa i sitt høyringsbrev føreslår å plassere fylgjande kommunar i "streng" kategori: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bømlo, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Os, Radøy, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Øygarden medan kommunane Eidfjord, Etne, Fedje, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Osterøy, Samnanger, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss er plassert i kategori med mindre press på arealene.

Kultur- og ressursutvalet meiner at for mange kommunar i fylket er plassert i "streng" kategori. Utvalet er uroa over at dette vil dempe næringsutviklinga og busetjing som er viktig for Hordaland fylkeskommune dersom praksisen i strandsona skal bli endå strengare i desse kommunane.

Det er ikkje lokale eller regionalpolitiske ynskje å jamstille deler av Hordalandskysten med Oslofjorden slik høyringa foreslår.

Kultur- og ressursutvalet viser og til at Sunnhordlandskommunane gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sett i gong eit felles prosjekt om forvaltning av strandsonen. Dette prosjektet har fått tilsegn om prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Det vil vera uheldig for dette prosjektet om desse samarbeidskommunane skal handsamast ulikt i denne forskriften.

Hordaland fylkeskommune sitt kultur- og ressursutval vil rå frå at heile Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bømlo, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Os, Radøy, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Øygarden vert plassert i "strengaste" kategori.

Helge Andre Njåstad  
Kultur- og ressursutvalet, Hordaland fylkeskommune